



Olga Kleven f. 1904 heng opp klesvasken heime i Kleiva på Kvasseheim i 1957.

Foto: Magne Kleven. Fotosamlinga i Hå: SAS 1985-10HÅ23-67

Klesvask og vaskemaskiner frå Jæren

ANNE JORUNN FRØYEN OG INGEBOG NÆRLAND

Jærmuseet har nokre lokalproduserte vaskemaskiner i samlingane. Dei første er frå tidleg på 1900-talet og vart produsert av Brødrene Hetland. Dei neste kom i midten av hundreåret, då var det mange produsentar og stor variasjon. TKS sin «8-vaskar» var ein av dei. Nokre av maskinene veit museet mykje om, andre så godt som ingenting. Vi vart nysgjerrige, kanskje stod det andre eksempel i kjellarar eller løer som kunne gje oss meir kunnskap? Kanskje kunne vi møte nokon som hadde brukt desse maskinene, og nokon som var med på å lage dei? Utstillinga "Så gjør vi så – klesvask i 100 år" opna på Vitengarden i april 2013 og turnerar framleis på lokale museumsanlegg i Jærkommunane. Ho var, og er, eit middel til å få ny kunnskap om vaskemaskinproduksjonen på Jæren. Artikkelen handlar om desse maskinene, og om klesvasken.

Då Eilert Sundt reiste rundt i Norge og intervjuet folk om rutinar for reinhald på 1860-talet, var det kvinnene som vaska klede. Det var også dei som klypte sauene, karda og spann ulla, strikka eller vov og sydde kleda, bøtte dei og sydde dei om igjen dersom noko av tekstilen kunne brukast fleire gonger. Dei hadde kanskje nokre få kjøpte plagg, alt etter kva dei hadde råd til. Sundt skildra kvinner som var stolte av å kunne vise fram velfylte kledeloft. Dei vart også dømde etter standarden på kleda, det var ei skam å la familien gå med sunde klede.¹

Eilert Sundt var også på Jæren, og skreiv: *Mangelen på tømmer-skov gjør, at husene ere små og ubekvemme; til brænde må der bruges torv... her produceres megen uld, som igjen giver anledning til megen husflid, der både selv fører adskillig urenlighed med sig og optager kvindernes tid, så de kunde ikke gå så jevnt med støvekost og vaskeklud; men alle disse omstændigheder bevirke naturlig, at huslivet her ikke kan siges at have et præg av renlighed, som fuldt svarer til befolkningens kår og dannelse for resten. Og hvad særskilt gulvaskingen angår, så er den vistnok i brug hele Jæderen over, men noget sparsomt*²

Sundt såg kvinner som la husarbeidet til side for å tene pengar. Dei selde det heimespunne garnet, eller vov og selde stoffet. Det var hovudsakleg vadmål³, men kvinnene i Klepp og Time kjøpte også lin- og bomullsgarn og vov av det.⁴ Sundt skreiv at «væv frå Jæderen danner en hovedgjenstand blant de varer, som fallbys på Stavanger marknad». ⁵ Dette må ha vore ei god inntektskjelde for hushaldet, så god at menn måtte utføre

det som elles vart sett på som kvinnfolkarbeid. Fjøsarbeid til dømes, nokre få måtte til og med «brønne», det vil sei bere vatn til husdyra. Kvinnene slutta med denne attåtnæringa ettersom gardsdrifta vart meir moderne. Man har på «Jæderen begynt at finde, at man kan anvende tiden bedre end til at virke tøier til salg, nemlig med omhyggeligere udførelse af alle de arbeider, som gårdsbruget medfører», skreiv Sundt.⁶

Sundt skildra ikkje klesvasken på Jæren, han tok temaet opp meir generelt. Mange klede var av skinn, dei vart ikkje vaska. Vadsmål var også vanleg, det vart sjeldan eller aldri vaska. Lerret, stria av lin eller nesle, og bomull vart vaska oftare, men det var ikkje vanlege tekstilar. Dei fleste hadde to helgeskjorter og to kvardagsskjorter, av ull. Ytterklede av vadmål som var til



Jentene måtte tidleg vera med og vaska klede. Her er ei som har vaska dokkeklede og heng dei til tork.

Foto: Sofie Fosse. Fotosamlinga i Time: 1985-03TIM08-013.

fint vart lufta, banka og børsta. Kvardagsklede i same materiale måtte vaskas når dei var veldig skitne. Elles var det ikkje vanleg å vaske bukser og genserar, dei vart børsta og rista. Skjorta og serken, eit underplagg for kvinner, vart vaska oftare. Anna undertøy var ikkje vanleg i 1860-åra. Strømpene vart ikkje vaska, dei vart tørka og gnikka til skiten datt av.⁷ Sengekleda kunne vere ein saueskinnefell, åkle av ull, eller dundyne. Nokre hadde skinnfellar med kortare eller lengre ull, tilpassa ulike årstider. Det var vanleg å ligge mellom kvitlar, dei var av ull. Fattigfolk hadde ikkje åkle, eller fleire skinnfellar å velje mellom, kanskje ikkje kvitlar heller. Medan dei mest fornemme hadde dyner av dun.⁸ Det var eit strev å bere saueskinnefellene inn og ut for å lufte og banke dei. Kor ofte det vart gjort kom an på kor mykje tid ein hadde, kor mykje ein kunne slite på dei, og tradisjon. Nokre stader vart det gjort ein gong i veka. Berre unntaksvis vart fellen vaska. Dei vevde åklea og kvitlane vart vaska fire til fem gonger i året, her var det lokale variasjonar.⁹

Felles for heile landet var at mengda klesvask og kor ofte dei vaska hang saman med kva som var nødvendig og kor mykje klede og tekstilar dei hadde. Hadde ein få plagg måtte dei vaske oftare, hadde ein berre ei skjorte måtte ein gå skjortelaus til ho var tørr igjen. Det var ikkje mogeleg og skjorta vart kanskje aldri vaska. Eilert Sundt meinte at ureine forhold kom av fattigdom, dårleg tilgang på vatn og mangel på kvinneleg arbeidskraft.¹⁰ Dei fleste eigde ikkje handkle, dei bruka ein klut til å vaske borna. Elles vaska dei seg når dei skulle pynte seg. Kvinnene vaska seg meir enn mennene.¹¹



Reidunn Kvía og søstera hjelper til med klesvasken i bekken.
Foto i privat eige hos Reidunn Kvía, Nærbø

Flyttar me oss 70 år fram i tid, til 1930-talet, var det vanlegare med bomull, og ull som vart vaska. Dei brukte undertøy, gardiner, ulike forheng, dukar og puter. Bind var også ein del av skittentøyet, og skinnfellane var skifta ut med dyner. Ein reknar at mødrer i familiar med to vaksne og to barn vaska om lag 250 kilo tekstilar i året. Hjelpemidla var enkle og det var ofte dårleg tilgang på vatn.

Tretti år seinare, i 1960, hadde folk meir klede og ulike typar tekstilar, men det var særleg storvasken

(sengeklede, dukar, gardiner, undertøy, forkle og skjorter ol.) som var tungt og tok tid. I ein familie på fire måtte kvinnene vaske mellom 600 og 700 kilo tekstilar i året. Det tok mellom 6 og 8 timar i veka. Dersom det var små barn i familien vart det meir skittentøy og vasken tok lengre tid.

I siste del av 1900-talet kjøpte folk seg stadig meir klede, og nye slag tekstilfibrar kom i bruk. Fleire ulike plagg skulle vaskast, og dei vart vaska oftare. Bind og bleier forsvann ut av skittentøyet. Likevel gjekk ikkje tida kvinnene brukte på klesvask ned før etter 1980. Ein familie på fire la om lag 900 kilo tøy til vask i året. Ei gjennomsnittleg kvinne brukte i år 2000 om lag 15 minutt kvar dag på vask og stell av klede, ein mann 2 minutt. Arbeidet med klesvasken var framleis kvinnene sin jobb, slik det var 150 år tidlegare.¹²

SLIK GJORDE DEI

Før dei kunne gå i gang med å vaske på 1860-talet, måtte dei lage såpe. Dei fleste kokte ho sjølve av vatn, oske og feitt. Oske av einer var best, deretter kom bjørk og andre lauvtre. Oska av furu, granbar og grankvistar var dårleg, men betre enn granved. Det måtte til fire gonger meir oske av gran enn av lauvtre.¹³ På Jæren var det ikkje tre. Dei fyra med torv, men denne oska gjekk det ikkje an å koke såpe av.¹⁴ Alternativet var då å få tak i oske frå ein annan stad, kjøpe oska eller bruke urin i staden for heimelaga såpe. Gjæra urin, ammoniakk, vart brukt til å vaske ull med, eller til å legge heile vasken i bløyt i.¹⁵ Lofoten var trelaust, som Jæren, og mangla skikkeleg lauvtreoske. Der brukte dei berre

urin til kvitvasken, og dei var kjent for ekstra kvitt tøy.¹⁶ Då måtte det samlas opp rikeleg på førehand. Fordelen var at urinen sleit lite på tøyet.

Når såpa var klar kunne tøyet leggjast i bløyt i ei natt, eit døgn, eller eit par dagar. Det vanlegaste var å bruke reint, kaldt vatn, då fekk dei løyst opp eggekvitestoffa i til dømes blod.¹⁷ Seinare vart det vanleg å



Det var vanleg å ha ein urinholk (trestamp med lok) ståande på lemman til å tømme tissepottene i om morgonen. Her fekk urinen stå og gjære. Jorunn (1911 – 2013) fortalde frå då ho som ung jente tente på ein gard at dei samla urin til vasking. Det mest ettertrakta var frå bonden sjølv –«Han hadde så godt piss». Historier seier at det var innhaldet i mannepottene som var best og særleg om dei hadde drukke sterk drikk.




Pastellen av Ola J. Nordsletten skildrar klesvasken før vaske-maskinene tok over. Her er kona hans Bothild f. 1903 i sving med klesvasken på 1930-talet. Biletet er i privat eige hos Herborg og Tønnes Kverneland. Ola og Bothild er foreldra til Herborg.

To som hugsar denne tida er Jorunn og Karen.

Jorunn (f.1936) sin klesvask
Dei vaska i kjellaren kvar måndag. Men allereie søndag kveld vart tøyet sortert og lagt i bløyt i stampar, med såpene Persil og Soda løyst opp i vatnet. Vatnet vart varma i kopargryte som dei fyrde under. Kledda vart vaska etter tur med vaskebrett. Dei kvite kledda vart kokte i gryta etterpå. Faren sine dongerikledda vart kokt i gryta til slutt. Dei hadde ikkje sluk i kjellaren. Det brukte vatnet måtte dei bere opp trappa og kaste ut. Var det småbarn i huset vaska dei oftare. Jorunn hugsar at babytøyet vart kokt på primus då ho hadde småsysken. Dei var fødde i 1948 og 1952. Ullkledda til småbarna vart vaska etterpå, i same vatnet.

Det var vanleg at ungar måtte vere med og bere både vatn og torv til å fyre med.

Karen (f.1928) sin klesvask
Dei vaska annakvar eller tredjekvar veke. Kledda vart smurde inn med grønnsåpe før dei vart lagt i bløyt. Dei sparde på vatnet og brukte det i mange omgangar. Til slutt var det heilt tjukt, som sorpevatn. Kledda var skikkeleg skitne før dei vart vaska og det var vanskeleg å få dei reine, særleg kvite klede som handkle og putevar. Til slutt vart dei kvite kledda lagt ut til bleiking. I fint vær låg dei utover "som daude høns" i fleire dagar.



Under 2. verdenskrig var det ikkje lett å få tak i såpe, og ein måtte lage den sjølv. Her er ei oppskrift som Dordi Askildsen sende oss. Farfar hennar Ernst Monsen har skrive den på maskin. Andre oppskrifter inneheldt dyrefeitt i staden for tran.

Vaskebrett av ulike material frå Jærmuseet si vaske-maskinutstilling i 2013. >



Vrimaskinene vart raskt populære då dei kom på marknaden rundt 1890. Denne er frå samlingane til Jærmuseet og kjem frå USA. Men det kunne også gå hardt utover kleda: Ein mann som på 1950 talet hadde fått vaskemaskin med vrimaskin i heimen vart spurd om han var fornøgd med ho. «Ja – svara han – men me he ikkje ein einaste knapp igjen i kleda!» Foto: Jærmuseet.

bruke såpe i vatnet, eller smøre inn grønsåpe på dei vanskelegaste flekkane. Etter at tøyet hadde vore tilstrekkeleg lenge i bløyt, brukte dei såpe og mekanisk gniding for å få vekk skiten. Vatnet måtte varmast i grua eller på komfyr. Vaskebrettet kom først i bruk på 1870-talet, det letta arbeidet med klesvasken mykje. Til slutt måtte klesvasken skyljast i rikeleg med vatn for å få ut såpa.

Ein kunne også koke klesvasken i lut, eller helle den kokande varme luten over klesvasken: bøke tøyet. Luten var lake av oske, som vart tømmt over vasken gjennom eit sileklede, gong på gong vart laken tømmt over, tappa av og varma opp og tømmt over igjen. Etter bøkinga vart det aust over reint vatn eit par gonger. Der



Margot Bore vaskar klede ved brønnen i 1945. Frå fotosamlinga i Sola: SAST1990/36SOL 16-010.

vart tøyet liggande til det vart tatt ut, banka og skyld. Det enklaste var å blande oska saman med tøyet og så koke det opp, men då var det eit stort arbeid å banka oska ut igjen. Lin tolde mykje lut, medan bomull vart sprøtt.¹⁸ Det er vanskeleg å tenke seg at dette vart gjort på Jæren sidan her ikkje var tilgang på god oske. Kvinnene hadde mykje kunnskap om korleis kleda skulle

behandlas. Korleis dei skulle få det kvite til å vere kvitt og behandle blåtøyet, det farga tøyet, slik at fargen ikkje bleikna. Ulltøyet måtte behandlast slik at det ikkje krympa. Det tolde ikkje brå svingingar i temperaturen, eller den heimelaga såpa. Dei kunne bruke sauelaud, vatnet sauene vart vaska i før dei vart klypte, det var godt å vaske ullkleda i. Fiskesuppe eller kokevatnet frå



Utstyret til vaskinga var enkelt; stampar av tre, sinkbaljar, vaskebrett, bankebrett og bøtter. Nokre hadde vaskestavar som sette fart på vatnet og skulle gjere klesvasken enklare. Det kunne vere ei kraftig, heimelaga tvore, stav med trakt eller "belg" av seglduk. Fleire fortel at den traktforma vaskestaven var svært tung å bruk. Det tok hardt på armar og rygg. Vatn og skum flaut utover golvet. Andre hadde god erfaring og fortel at han var god til ullsokkar fordi sokkane vart ikkje særleg tova.

Foto: Jærmuseet



Dette var kanskje ein vanleg situasjon i middagskvila på ein fin sommardag? Lengst til venstre er ei kvinne i gang med vaskestaven. Til høgre er ei anna i gang med skurebrettet, medan mannen slappar av i sola. Frå Skretting i 1937. Vi ser frå venstre Margit Skretting g. Varhaug, Åsa Skretting g. Reiestad, Erling Haaland og Aslaug Nord-Varhaug g. Skretting. Foto: Helena Helgesdtr. Aanestad. Fotosamlinga i Hå 1987/7 HÅ 24:93

fisk var eit anna alternativ, og vanleg langs kysten. Men dei måtte skylje skikkeleg for å unngå lukt. Det same var tilfelle om dei hadde brukt urin.¹⁹

Skyljinga kravde mykje vatn og vart gjerne gjort utandørs, i rennande vatn eller innsjøar. På fine sommardagar gjekk det greitt, men på kalde vinteren var kvinnene blåfrosne.²⁰ Det var heller ikkje enkelt å vri opp

tøyet når det var kaldt, eller få det tørt når vêret var dårleg. Dei måtte klemma og vri mest muleg vatn ut av dei ofte tjukke, grove kledda før dei vart hengde til tørk. Dette arbeidet var tungt og ofte svært kaldt. Vrimaskina var til stor hjelp og vart utbreidd etter 1890. Då var det også ulike vaskemaskiner og –apparat i handelen,²¹ til dømes vaskestavane Jærmuseet har i samlingane, sjå foto.



VASKEKRAKKEN

Vaskemaskina Norge frå Br. Hetland vart også kalla vaskekrakken. Ikkje så rart når ein ser utforminga av rotorblada, det ser ut som ein krakk. Mor (f.1887) til Solveig (f.1929) var ikkje heilt fornøgd med vaskekrakken sin. Han var hard med kleda, og vaska ikkje alltid reint. Men han var veldig god når dei sørpete kleda, brukt på dyrking og veitegraving, skulle vaskast.

Norge kunne drivast med handkraft, eller koplast til motor.

Vaskekrakken til venstre tilhøyrer Time Byggemuseum.

Maskina med motor er gåve til Jærmuseet frå Egil Hetland som er barnebarn av Jens, ein av Br. Hetland. Olav Hetland f. 1921, son av den eine Br. Hetland, arbeidde heile livet sitt i bedrifta. Han fortel at då han gifta seg i 1946 var ikkje vaskemaskina lenger i produksjon, men det låg att deler på lageret. Av desse bygde han seg ein maskin som dei brukte dei første 6 – 7 åra han var gift.

Motoren på vaskemaskina vart og brukt til å dra «eplekvednå» (potetkverna) og klederulla. Dei hadde reimar som dei flytta over til den maskinen som skulle svive. Heile gata kom til dei for å rulle kleda sine.

Når dei skulle vaske kleda måtte dei varme vatn i brønngryta. Det vart ofte så mykje damp i kjellaren at dei ikkje kunne sjå dei som vaska.

NY TEKNOLOGI I KLESVASKEN

Tida før 1. verdenskrig var prega av optimisme og teknologiske nyvinningar. Endringane kom raskt og byane var først ute med telefon og telegrafstasjonar, elektrisitet, glødelampar og kinomatografteater.²² Det var ein teknologisk revolusjon. Lite var til praktisk nytte for kvinnene, men på denne tida vart det også kjempa for kvinnene sine politiske rettar. Dermed vart det også fokus på deira kvardag og det kom etter kvart praktiske

tiltak som kom kvinnene til nytte. Ein kan sjå dei nye vaskemaskinene som ledd i denne utviklinga.

Dei eldste vaskemaskinene i samlingane til Jærmuseet er frå denne tida. Dei er i tre, har tønnefasong og kjem frå Br. Hetland sin fabrikk på Bryne, frå Miele sin fabrikk i Tyskland og Horton Electric i USA. Maskinene er like, ein kan sjå at fabrikantane stal idear frå kvarandre, eller hadde same førebilde. Stampane har same forma, og på innsida liknar overflata på vaske-



Tilsette hos Br. Hetland i 1916 med vaskemaskin og tønne som vart produsert på den tida. Foto: Jærmuseet/Fotosamling JÆF029 Br. Hetland



MIELE VASKEMASKIN

Konrad Heinrich Kranzmann (1870 - 1937) og to av svograne hans reiste frå Tyskland til Sandnes i 1914. Dei skulle vere der nokre månader for å hjelpe til med å få fart på sykkelfabrikken til Øglænd. Kranzmann fekk fast jobb og vart verande i Norge. I juni 1919 flytta kona og yngste sonen etter. Denne Miele vaskemaskina frå 1906 var truleg med på flyttelasset, sidan dei ikkje selde Miele maskiner i Norge på den tida.

Firmaet Miele vart etablert i 1899 i Gütersloh, Tyskland. Dei byrja med produksjon av handdrivne smørkinner og vaskemaskiner. Det var mykje eksperimentering, Miele prøvde endåtil ut vaskemaskiner drivne med vasskraft, gass og kol. Den første elektriske kom i 1914, og i 1956 hadde dei utvikla ei heilautomatisk vaskemaskin.

Foto: Jærmuseet.



HORTON VASKEMASKIN

Maskina til venstre vart produsert av Horton Electric, USA, i 1912. Maskina til høgre høyrde til familien til May Jane Halvorsen frå Kvernaland. Reklamen for Horton vaskemaskin lova at om du skaffa deg ei slik maskin skulle du få leve lenger, ha god helse, unngå rynker og bevare ungdommen: "A Horton Washer will add many years to your life. It will save your health – keep the wrinkles out of your face - keep you youthful" Horton kunne brukast både med handkraft og motor.

Foto til høgra: Jærmuseet.

Foto til venstre: Frå Norsk Teknisk museum si samling. Id: NTM 10238

brett. Alle har hol i botn til å tappe av vatnet. Vatnet måtte varmast på førehand og tømast i tønna. Det var laga plass til vrimaskin oppå maskinene.

Under loka er det skovler som gjekk fram og tilbake. Kledda vart skrubba mot innsida av stampen og mot kvarandre, mest slik som kvinnene skrubba klede på skurebretta. Skovlene er litt ulike. Miele maskina har meir solide og forseggjorde skovlar enn dei to andre. Elles ser ein den største skilnaden mellom dei tre på loket. Fabrikantane brukte ikkje heilt den same teknologien for å overføre krafta frå menneske eller motor til skovlene.

Den første masseproduserte vaskemaskina me kjenner til på Jæren var laga av Br. Hetland. Brørne Jens og Kristoffer Hetland frå Oгна kom til Bryne i 1912. Dei var tømmermenn, laga tønner, dører, vindauge og bygde hus. Allereie i 1913 konstruerte dei si eiga vaskemaskin. Ho var meint til eige bruk - for å lette arbeidet for kona til Kristoffer. Maskina vart patentert og sett i produksjon. Ho kunne drivast med handkraft, med ei spak som vart vippra fram og tilbake, eller ho kunne koplast til motor. Det offisielle namnet vart Norge, men på folkemunne vart den ofte kalla Vaskekrakken. Dei importerte vrimaskiner frå USA og sette på maskinane. I 1917 hadde Br. Hetland selt omlag 2 000 slike vaskemaskiner.²³

MODERNE TIDER

Færre kvinner vart yrkesaktive i tida mellom 1900 og 1950. Andelen kvinner i løna arbeid gjekk ned frå 39 prosent til 29 prosent og talet på husmødrer gjekk

opp. Fleire gifta seg, og dei gifta seg tidlegare. Lønene vart betre slik at ein kunne leve godt på ei inntekt, og kjernefamilien stod sterkt. Med betre økonomi kom det innlagt vatn og elektrisitet i dei fleste heimane. Betre valutatilgang og aukande produksjon gav no rom for teknologiske hjelpemiddel som letta husarbeidet. Elektrisk komfyr vart vanleg, etter kvart også vaskemaskin og fryseboks, skriv Berge Furre.²⁴

Vi har lite informasjon om kva det vart laga av vaskemaskiner på Jæren i mellomkrigstida. Det kom likevel endringar som gjorde klesvasken lettare. Den viktigaste var at det vart lagt inn vatn og avløp i husa, slik at færre måtte bere vatnet ut og inn. Det var kvinnene si oppgåve å bere vatn. På ein liten gard bar dei vatn i minst ein time om dagen. Det er ikkje vanskeleg å forstå at den store letta i kvardagen til kvinnene kom med innlagt vatn, det gjaldt også arbeidet med klesvasken.²⁵ Jordbruksteljingane gjev eit innsyn i tilstanden på gardsbruka. I 1939 hadde 54 prosent av bruka i Rogaland innlagt vatn i fjøset, medan landsgjennomsnittet var 45 prosent. Færre, berre 38,5 prosent, hadde vatn i kjøkenet i Rogaland. Dette var litt over landsgjennomsnittet på 36,5 prosent. Jæren var betre stilt, her hadde annankvar gard innlagt vatn i kjøkenet og 58 prosent i fjøset.²⁶ Dess større bruk til større sjanse var det at dei hadde lagt inn vatn. Her ligg kanskje noko av forklaringa på kvifor Jæren ligg over gjennomsnittet. Gardane på Jæren var relativt store og dei satsa på husdyr. Då skulle det til store mengder vatn, og dess større var letta i arbeidet å få det lagt inn. På Jæren var mange menn heiltidsbønder og satsa

De finner en **EVALET** som passer for Dem

EVALET 2 kg er den minste vaskemaskin med kraftmotoriserte 1100 - 1200 vater og elektrisk pump. Automatisk varmekontroll med varmt vann, varmløst og kaldt vann. Den er utrustet med alle de nyeste tekniske detaljer og har en kapasitet på 2 kg tøy.

EVALET 3 kg er den mellomstore vaskemaskin med kraftmotoriserte 1100 - 1200 vater og elektrisk pump. Automatisk varmekontroll med varmt vann, varmløst og kaldt vann. Den er utrustet med alle de nyeste tekniske detaljer og har en kapasitet på 3 kg tøy.

EVALET 4 kg er den største vaskemaskin med kraftmotoriserte 1100 - 1200 vater og elektrisk pump. Automatisk varmekontroll med varmt vann, varmløst og kaldt vann. Den er utrustet med alle de nyeste tekniske detaljer og har en kapasitet på 4 kg tøy.

PRISER:

EVALET 2 kg med varmeelement	kr. 795,-
EVALET 2 kg med varmeelement og varmekontroll	kr. 895,-
EVALET 3 kg med varmeelement	kr. 1180,-
EVALET 3 kg med varmeelement og varmekontroll	kr. 1280,-
EVALET 4 kg med varmeelement	kr. 1780,-
EVALET 4 kg med varmeelement og varmekontroll	kr. 1880,-

GARANTI:

Vi gir 12 måneders garanti på alle deler av maskinen som er fabrikkfeil. Hvis maskinen er fabrikkfeil, er vi ansvarlig for reparasjon og eventuelt erstatning.

Evalet kunne ein få i fleire storleikar og til ulik pris i 1957. Den største vaska 4 kilo tøy og kosta 1780 kroner. Den minste tok 2 kilo tøy og kosta 795 kroner. Kjøpte du den utan varmelement kosta den berre 690 kroner. *Reklamen er henta frå vekebladet Allers nr.36 1957.*

fullt på gardsdrifta. Andre stader i landet, også i andre delar av Rogaland, var det mange som hadde ei anna næring ved sidan av, som fiskar, i industri eller dei drev i skogen. Dessutan var jærboendene opptekne av å

VASKEBJØRN ER DEN ENESTE VASKEMASKIN UNDER 1200 KR. SOM

1. ... er utrustet med alle de nyeste tekniske detaljer og har en kapasitet på 2-4 kilo tøy.
2. ... er utrustet med alle de nyeste tekniske detaljer og har en kapasitet på 2-4 kilo tøy.
3. ... er utrustet med alle de nyeste tekniske detaljer og har en kapasitet på 2-4 kilo tøy.
4. ... er utrustet med alle de nyeste tekniske detaljer og har en kapasitet på 2-4 kilo tøy.

De får Vaskebjørn demonstrert i Sørvestkyleg og velvosterte bensjeforretninger over hele Sjølandet. Den koster 1180 kr. (ekstra betalt over 6 eller 12 måneder).

alltid gode varer i **REKVISITTER**

Vi gir 12 måneders garanti på alle deler av maskinen som er fabrikkfeil. Hvis maskinen er fabrikkfeil, er vi ansvarlig for reparasjon og eventuelt erstatning.

I Allers nr 35 frå 1957 er det reklame for «Vaskebjørn». Den einaste vaskemaskina som kosta under 1200 kroner, heitte det i reklamen. «Vaskebjørn» var i rustfritt, kanadisk stål og hadde varmeelement i fire trinn. Det skulle gå raskt å varme opp vatnet.

drive moderne jordbruk. Å bere vatn var gammaldags.

Ti år seinare, i 1949, var situasjonen ikkje stort betre. Av 12 128 bruk i Rogaland hadde 6 342 innlagt vatn i kjøkenet og 7 422 innlagt vatn i fjøsen. Det svarer til

53 og 61 prosent. Landsgjennomsnittet var 49 prosent i kjøkenet og 52 prosent i fjøset. På nesten 6000 av bruca i Rogaland var det framleis kvinner som måtte bere vatnet til klesvasken inn i kjøkenet eller ned i kjellaren, og ofte også ut igjen etterpå.

I Jordbruksteljingane i 1959 spurde dei ikkje etter om det var lagt inn vatn, truleg fordi det var vanleg. Dei spurde derimot etter vaskemaskiner og andre tekniske hjelpemiddel. Tabellen nedanfor summerer opp resultatane. Både i Rogaland og i landet elles var det vaskemaskin på

	Vaske- maskin	Kjøle- skåp	Støv- sugar	Bad
Ogna	66	6	42	17
Varhaug	79	7	47	23
Nærbø	78	16	59	32
Klepp	85	17	70	41
Time	77	21	67	34
Gjesdal	72	11	69	29
Høyland	72	14	70	32
Sola	72	9	68	26
Randaberg	82	8	67	34
Rogaland	57	9	50	21
Norge	53	14	33	18

Tabell. Prosentdel av bruca med vaskemaskin, kjøleskåp, støvsugar og bad i 1959. Kjelde: Jordbruksteljingane.

annankvar gard, medan på Jæren var det vaskemaskin på tre av fire gardar. Det kan vere fleire årsaker til at det var vanleg med vaskemaskin på Jæren. Kanskje hadde dei betre råd enn bønder andre stader? For det var dyrt å kjøpe vaskemaskin. I 1950 tente ein industriarbeidar gjennomsnittleg om lag 3 kroner i timen og i 1960 om lag 6 kroner. Den billegaste Evalet vaskemaskina kosta 690 kroner, men ho kunne berre ta to kilo tøy og var utan varmeelement. Den største, som kunne ta fire kilo og hadde varmeelement, kosta nærmare 1800 kroner.²⁷

Kanskje var jærbuen ekstra interessert i ny teknologi? Vi kan sjå dei mange vaskemaskinene i regionen som ein del av det jærskke. Etnologen Ragnhild Thu fann at når forteljingane om det moderne Norge skulle skapast, såg ein ikkje til Jæren for å finne det opphavlege; Jæren sitt bidrag var å sjå framover. Her skulle dei vere rasjonelle bønder med næringsvett som ikkje heldt fast på fortida, men tok i bruk det nye.²⁸ Interessa for ny teknologi og det moderne, å få arbeidet unna i ein fart, gjaldt kanskje ikkje berre gardsarbeidet. Det var også viktig for arbeidet til kvinnene.²⁹ Talet på støvsugarar i 1959 støttar opp under denne teorien. Dei var også raske med å få lagt inn bad i husa, medan talet på kjøleskåp viser ein anna tendens, i alle fall for nokre av Jærkommunane, sjå tabellen til venstre.

8-VASKAREN

Vaskemaskina til TKS fekk namnet 8-vaskaren. Han er laga av tre og har elektrisk motor. Sjølv vaskebeholdaren er ei oval tretønne, som heng i ei ramme av tre. Det er luke til kledda oppå tønna. Trygve Kverne-

land (f.1905) starta eige firma i 1930. Dei spesialiserte seg på låaar, sigdar, knivar og sakser av ulike slag. På byrjinga av 1950-talet vart det vanskeleg å klare seg i konkurransen frå utanlandsk industri. Firmaet måtte utvikla nye produkt. 8-vaskaren og høykanonen er frå denne tida. Høykanonen fekk ein levealder på femti år. 8-vaskaren vart berre produsert i to år, i om lag 200 eksemplar. Ein priskalkyle frå 1951 syner at den i utsal ville kosta kr. 690,-.

8-vaskaren vart levert både med og utan motor, men utan varmeelement. Tønna var hengsla på midten, ein såg for seg at vatn og klede gjekk i eit liggande 8-tal. Når maskina ikkje var i bruk kunne loket leggest over, og det vart eit praktisk bord. Ein av Jærmuseet sine 8-vaskarar står til vanleg i kjellaren på Kvia 4H-garden. Med voksduk over fungerer maskina som bakstebord. Det var vanleg at vasking av klede og bakst føregjekk i same rom, men på ulike dagar.

8-vaskaren vart rekna for å vere skånsam mot tøy, betre enn andre modellar med trepinnar eller skovlar i tønnene.

"DEI HEIMEPRODUSERTE"

Dei fleste kunne berre drøyme om å kjøpe ein Evalet, Vaskebjørn eller andre modellar frå reklamane i vekeblada. Dermed var det rom for nevenyttige jærbar til å lage sine eigne vaskemaskiner, og det er truleg desse maskinene som gjev dei store utslaga i jordbruksteljinga frå 1959. Modellane varierte. Det var tønner som roterte på ulike vis, eller heimesnekra kasser med innkjøpte rotorar som fekk vatnet til å gå rundt.



I ei annonse heitte det: "Spar deg selv og tøyet for unødige slit ved å kjøpe 8-vaskeren. Vasker alle slags tøy, fra gardiner til ullklær, uten minste slitasje eller tøving."

Rotorane vart kalla "Hoover-rotor". Det var eit hjul med skovlar som sette fart på klesvasken. Kvinnene måtte framleis varme vatn, tømme det opp i maskina, skylje, og vri klede. I teknologi minner dei om «Den lille Evalet`en» som Emaljeverket A/S i Oslo lanserte hausten 1950, og som skulle bli deira største suksess.



Ein av 8-vaskarane i Jærmuseet sine samlingar kjem frå Kjell Undheim, Time. Han fortel at faren, Trygve Undheim, arbeide hos Trygve Kverneland. 8-vaskaren deira var i vanleg bruk til innpå 1960-talet. Ho stod i kjellaren, der Trygve hadde mura opp kokeplass til vaskegryta. sjå foto nede til venstre. Motoren til vaskemaskina vart også brukt til å kverna kokte poteter til baking av eplekake (potetkaker) og flatbrød, og til å kverne fiskefarse av sik, som dei fiska i Frøylandsvatnet.

Til venstre for kokeplassen stod vaskemaskinen. Det vart vaska klede kvar måndag. Sundag kveld la mora Mildrid klede i bløyt, dei kvite la ho rett i gryta med Blenda på. Ho gjorde også klar til «kveikje» og fann fram ved, slik at det var klart til å tenne opp tidleg måndags morgon. Dei andre klede sorterte ho i stampar.

Etter at "dei kvite" var kokte så gjekk dei i 8-vaskaren eller "voggå", som ho kalla den. Og så vart resten vaska etter tur. Dei skitne arbeidsklede måtte i tillegg ha ein omgang med grønsåpe på vaskebrett og med skrubb. Når mannen hadde stått i "rust-tromlå" på jobb så greidde ikkje 8-vaskaren å få klede reine. Men Mildrid poengtere at til ullklede så var denne maskinen kjempegod!

Sonen Kjell hugsar frå då han var liten at dei lurde seg til å ta av loket på vaskemaskina, setje seg oppi behaldaren og starte motoren. Då vart dei sjørøvarar som vogga i bølgen ute på det store hav.

1990-91 vaska Kjell moppar for eit diskotek. Då brukte han 8-vaskaren til jobben. Den var perfekt, fordi moppane ofte var fulle av glasbitar og det hadde ikkje gått i ein moderne maskin. Han utbetra 8-vaskaren ved å montere på slange slik at det vart lettare å fylle på varmt vatn til både vask og skyljing. Dette var kanskje den siste perioden ein 8-vaskar gjorde nytte for seg?

Foto: Jærmuseet.

Det var ei lita og rimeleg vaskemaskin, produsert i meir enn 100 000 eksemplar i perioden frå 1950 til 1959. Ho vaska 2 kg tøy og passa godt i små bustadar der ho kunne stå i kjøkkenet. Når dei skulle vaske drog dei Evalet`en fram til utslagsvasken slik at det var enkelt å fylle på og tappe ut vatn. Og så kunne maskina skuvast under kjøkkenbenken når ho ikkje var i bruk. Evalet har same rotoren som dei heimelaga vaskemaskinene. Men elles varierer dei heimelaga i utforming og materialval, og er nok laga av det jærbuane hadde. Nokon av dei har eigen motor, men på gardane var det også vanleg å bruke mjølkemaskinmotoren. Då stod vaskemaskina i brønnhuset der dei som regel hadde vatn. Elles føregjekk ofte klesvasken i kjellaren. Her hadde dei brønngryta til å koke vatn i og motoren kunne festast på vegg. Med flyttbare reimar kunne han brukast til både vaskemaskina, klederulla og kjøttkverna.

Boka, Hjemmet og vi, frå 1955 skildrar desse maskinene og fortel at det fans rotorar i handelen som "... fallbys til selvbyggere av maskiner. Et godt resultat avhenger av så mange forhold, som beholderens størrelse, form, plassering av rotor m.m. at det advares mot å bygge vaskemaskinen selv." Det var mange som ikkje hørde på det rådet på Jæren, og museet har eit lite utval av slike maskiner i samlingane. Sidan «Hjemmet og vi» åtvarar mot dei sjølv laga maskinene, kan ein gå ut frå at det ikkje berre var på Jæren dei produserte slike vaskemaskiner. Liv Emma Thorsen intervjuar bondekvinne i ei bygd i Trøndelag i samband med studie av bondekvinne sitt liv og arbeid frå 1920 til 1985. Ei av dei var Ragnhild. Ho fekk, som så mange



Vaskemaskin i tre med «Hoover-rotor». Rotoren var driven av ein ekstern eller eigen motor. Han gjekk berre ein veg slik at det kunne vere eit problem at tøyet sette seg fast mellom rotoren og kassa. Det kunne bli øydelagt. Foto: Jærmuseet.

andre, først ei heimelaga vaskemaskin. Det var rett etter krigen, maskina berre vaska tøy og ho var laga av ein i nabolaget. Det vart ikkje sagt noko om korleis maskina såg ut, men Ragnhild fortalde litt om korleis ho verka, og om seinare maskiner: «Og va det no nå slag som han itj tøkt vart reint nok, så mått en no på med ei gryt eller kjel og så kok det ættepå. Senar fekk æ Vaskebjørn, men så brentes en no opp motorn te slutt da der og, så no he me no Turnamat».³⁰ Ein anna stad det var vanleg med heimelaga vaskemaskiner i tre var i Nordfjord. Desse var laga av «nevenyttige folk», rundt om på gardane på 1950-talet.³¹ I Nordfjord var det berre ein kommune som hadde fleire maskiner enn



Jonas Skjærpe f. 1878 må ha hatt ei spesiell interesse for vaskemaskiner. Han hadde mellom anna bakgrunn som maskinist til sjøs, dykkar, mekanikar på jernbaneverkstaden på Vaulen og forkynnar. I vel vaksen alder var han lærar på Hurdal Verk Folkehøgskule i Akershus. Jonas var grandonkel til Åsbjørn f. 1931, som var elev her på slutten av 1940 talet. Åsbjørn laga seg då ei vaskemaskin og det vart sagt at denne var Jonas si oppfinning. Maskina vart brukt av både mora og kona nokre år etter at dei gifta seg i 1955. Maskina eksisterer ikkje lenger, men vert skildra som ei tretønne av god kvalitet. Ho hang i eit stativ av jern og hadde elektrisk motor som stod på ei plate i eine hjørnet av stativet. Reimane gjekk så til ein svart kasse med tannhjul inni, der vart farten "gira ned" før reimane gjekk vidare til akslingen. Luka var i eine enden og vart skrudd fast. Det har vore fleire av desse maskinane på Jæren. Torodd f. 1928 fortel at dei fekk tønnevaskar laga av Jonas Skjærpe etter krigen. Den hadde luke i eine kortenden og ein "jernkluss" på motsatt side for å få likevekt. To av dei næraste naboane hans hadde også tønnevaskarar, ein eksisterer endå, men vi veit ikkje kven som laga dei.

Fotoet syner Jonas Skjærpe med ein skuleklasse i verkstaden på skulen. Her har dei laga ei nyare vaskemaskin. Denne nettare og meir anvendelige modellen hugsar sønene til Jonas at dei hadde heime. *Foto gjengitt med tillating frå etterkomarane etter Rolv H. Skjærpe.*

gjennomsnittet i landet i 1959.³² Truleg var det vanleg å laga vaskemaskiner på gardane mange stader, det vart berre laga endå fleire på Jæren. Kanskje er det også derfor Jærmuseet har relativt mange heimelaga vaskemaskiner i samlingane samanlikna med andre museum? ³³

Nokre laga berre ei maskin – til mora eller kona, medan andre dreiv med større produksjon. Kven dei var, korleis salet av maskinene føregjekk eller kva dei kosta veit Jærmuseet heller lite om. Nedanfor er andre produsentar vi har høyrte om lista opp.

- Per Hellvik kjøpte smia til Tobias Tjemstrand på Varhaug. Der arbeidde Ole Mellemstrand, Vigrestad frå 1943 til 1948. Dei laga tippar til lastebilar og vaskemaskiner; "firkanta kassar med Hoover-rotor". Desse var kledde med sinkplater, hadde ramme av røyr og motor. Gjert Haugstad f. 1926 arbeidde her i 2 – 3 år frå 1949. Det jobba og to læregutar her og ei tid «ein svenske» som støypte rotorar av aluminium. Gjert fortel at dei leverte vaskemaskiner til firmaet Osmundsen og Trodal. Dei tok imot så mange som dei klarte å produsere på denne tida. Per selde smia i 1958. Gjert laga også sin eigen vaskemaskin heime. Ho var kledd med tre. Tidlegare var det vanleg med vasketønner rundt på alle gardane, fortalde Gjert.

- Sven Skjæveland og morbror hans; Torvald Vagle som arbeidde hos Bryne Mek. laga kvar si vaskemaskin i verkstaden der i 1950 åra. Det var ei firkanta kasse med liten el. motor. Maskina stod i uthuset.

- Ole Grødeland (f. 1917) var både snikkar og smed. Han laga mellom anna vaskemaskiner, først på Nærbø, seinare på Varhaug.

- Govert Vigre, Nærbø f. 1875, var snekker og laga vaskemaskiner.

- På Bryne var det ein smed som heitte Skjæveland som laga vaskemaskin av typen: "tønne i stativ".

Her var det kanskje også ein snekker Helland som laga vaskemaskiner?

- Ein møbelprodusent på Ganddal skal også ha laga vaskemaskiner.

Ikkje alle heimelaga vaskemaskiner hadde såkalla Hoover-rotor. Vi har også andre modellar i samlingane. Fleire er bygd med utgangspunkt i tønner som kunne gå rundt på ulikt vis. Dei har skovlar inni og kan likne på meir moderne maskiner. I desse maskinene var det plass til mykje klede, men kvinnene måtte framleis fylle på varmt vatn. Også desse kunne koplatt til mjølkemaskinmotoren, eller ha eigen motor som dreiv dei rundt.



Dei lokalproduserte maskinene er laga av det som var for handa og varierer i utforming og material. Denne maskina har integrert motor. Ho er laga av Arne Eggebø i lokala til Br.Hetland på Bryne tidleg på 1950-talet og har vore i bruk på Nærbo. *Foto: Jærmuseet.*



Vaskemaskina til Inger Nord-Varhaug er laga på slutten av 1940-talet av broren Magnus Mikkelsen Håland f.1921. Han arbeidde hos Tjemsland møbelfabrikk, og laga nokre vaskemaskiner til næraste familie. Kassa er av tre, ho har rotor i sida og laus motor som ligg på golvet under maskina. *Foto: Jærmuseet.*



Vaskemaskina over er gåve frå Per Arild Ueland, Høyland i Nærbo. Ho vart laga av Johannes Høyland (1903-1959) i 1954, og vart brukt av Ingrid Ueland f.1918 til 1960-talet. *Foto: Jærmuseet.*



Denne maskina er av sink og har «Hoover-rotor». På Nærbo kalla dei den "Varhaugsmaskin". Maskina vart laga hos smeden Per Hellvik på Varhaug i 1957/58. Jærmuseet fekk ho av Leiv Larsen, og maskina har vore brukt på Skjerpe i Hå. *Foto: Jærmuseet.*




Denne rotor-maskina er enkel, av tre og tillaga for ekstern motor. Ho vart laga rundt 1955 av Faste Ravndal (f.1910) frå Njærheim i Hå. Han var handverkstølar på Øksnevad Jordbruksskule og laga nokre slike til slekt og vener. Maskina vart brukt på Braut i Klepp. Gjevar: Folke Ravndal. Foto: Jærmuseet.



Vaskemaskin med rotor og elektrisk motor laga under 2. Verdskrig av Gabriel Malundsen. Han var bestefar til gjevar Arne Hadland, Orre. Ho var i bruk i mange år. Foto: Jærmuseet.



Trekasse med metall innside, lok av tre, Hoover-rotor i sida og hjul til reimoverføring til motor. Dette var ein vanleg modell på Jæren. Gabriel f. 1936 hugsar at han var med og henta ei slik maskin rundt 1950. Det var kanskje på Ånestad, Varhaug. Foto: Jærmuseet.



Denne maskina tilhører Jærmuseet. Vi veit ikkje kor ho har kome frå, men maskina liknar på ein «Jonas Skjærpe maskin» og må ha blitt brukt om lag slik Jorunn f. 1936 vaska klede i kjellaren då ho gifta seg i 1955:

Til å begynne med hadde me bare kaldt vatn i kjellaren. Varmt vatn måtte me henta oppe på badet og bera i bøtter ut og ned kjellartrappa. Først i 1958 eller 1959 fekk me lagt inn varmt vatn i kjellaren. Me vaska klede ei gong i veka og brukte kjøpt såpepulver. Kledda vart lagt i bløyt i trestampar med Persil kvelden før, sortert i kvite klede og blåklede. På vaskedagen starta me først med dei kvite kledda i tønna. For å få vatnet varmast mogleg måtte me klemma ut det kalde bløytevatnet så godt det let seg gjera. Og bera ned brennvarmt vatn og slå i maskinen. Det vart fort avkjølt i den store tretønna. Og sidan me oftast bare vaska ei gong i veka, så lek den alltid litt vatn i starten. Etter at dei kvite kledda hadde "rulla" ei viss tid i maskinen, vart dei løfta over i kopargryta og kokt. Her var fortsatt vedfyring i kjellaren til dette. Så måtte det varme såpevatnet klemmast godt ut, slik at det kunne brukast vidare, og oppi i stampen med kledda for skyljing. Stampen vart sett under rennande kaldt vatn frå kranen.

Etterpå skulle blåkledda oppi tønna. Det vart gjerne fylt i litt meir såpe og varmt vatn. Kokevatnet frå dei kvite kledda var godt å spe på med. Til slutt var det arbeidskledda som skulle vaskast.

Om eg måtte gå frå vaskemaskina når den stod og sveiv så måtte eg lukka kjellardøra godt igjen. Det var ikkje deksel over aksling, reimar og hjul, og eg var så redd at ungane skulle koma til og klemma eller brenna seg.

Foto: Jærmuseet.



Vasketønna her er gåve frå Folke Ravndal, Klepp. Ifølge gjevar er den truleg laga av ein røyrleggjar frå Ålgård. Han jobba ein del på Sandnes Ullvarefabrikk der han mellom anna fekk tak i spinnehjul som han nytta til tønnene. Tønna vart seinare overteken av familien Ravndal og på 1970- og 1980- talet nytta til å tromla minnskin i.

Foto: Jærmuseet.



Denne maskina vaskar på ein heilt annan måte. Vatnet strøymar gjennom holene i botn og sida på kassa. Ho har hjul til reimer og motor. Vaske-maskina har tilhørt Aslaug og Arnodd J. Ree. Arnodd arbeidde hos Erland maskin. På byrjinga av 50-talet fekk dei tilsette laga slike maskinar til seg sjølv i lokala til bedrifta. Det vart også prøvd ut vaskemaskinar med tanke på produksjon for sal. Men det kom aldri i gang. *Foto: Jærmuseet.*



Vaskemaskin i finèr. Ho er veldig fint forma og har same vaskesystem som Eltoen. Det er ein agitormaskin, det vil seia at den har denne rotoren som dreier att og fram i botnen. Den kjem frå heimen til Torgunn Haarr f. Haaland frå Vigrestad. Torgunn gav maskina til Jærmuseet, men ho visste ikkje meir om den enn at den stod i kjellaren og har tilhøyrt foreldra hennar; Ruth f. Særheim og Olav Haaland. Olav dreiv møbelfabrikk på Vigrestad. *Foto: Jærmuseet.*

ELTO

“Eltoen” vart vanleg på 1960-talet. Det er ei stor og rommeleg maskin med varmeelement. No kunne kledda koka i vaskemaskina, men dei måtte framleis skyljast for hand. På gardar med mykje skitne arbeidsklede og store hushald var “Eltoen” ein revolusjon. Då dei i tillegg fekk sentrifuge vart arbeidet med klesvasken letta radikalt.

“Eltoen” kunne brukast til meir enn klesvask. Maskina var effektiv til hermetisering av frukt, ein kunne koka mange Norgesglas samstundes.

I dag har dei fleste husstandar heilautomatisk vaskemaskin, men ein og annan Elto står att. Det er

ikkje godt å vaske hestedekke, filledekke og sørpete arbeidsklede i dei nye maskinene. Til det er “Eltoen” god. Nokre har teke “Eltoen” med på hytta og brukar vaskemaskina til å koke krabbar i.

Arbeidet med vaskemaskinutstillinga og omtalen iv fekk i media har vore med på å skaffe oss meir kunnskap om klesvask og vaskemaskinproduksjonen på Jæren. Fleire har teke kontakt fordi dei har historier å fortelje og vaskemaskiner å vise fram, eller gje til museet. Det har vore lærerikt og utfordrande å prøve å kartleggje litt av mangfaldet i den lokale vaskemaskinproduksjonen. Og enno er det mykje vi ikkje veit.



Til høyre: Elto i vaskemaskinutstillinga. Foto: Jærmuseet.

NOTER

- ¹ Klepp 2006:20f
- ² Sundt 1975 (1869):136,137
- ³ Vadmål er eit grovt, tjukt ullty. <http://www.nob-ordbok.uio.no>
- ⁴ Sundt 1975(1867-1868):146, Lye:232 Kvinner kunne få pengepremiar av Landhusholdningsselskapet for vevinga på slutten av 1700-talet.
- ⁵ Sundt 1975(1867-1868):146
- ⁶ Sundt 1975(1867-1868):149
- ⁷ Klepp 2006:23f
- ⁸ Sundt 1869:236ff
- ⁹ Sundt 1969:240
- ¹⁰ Klepp 2006:11
- ¹¹ Klepp 2006:22
- ¹² For mengder tøy i ulike år sjå statistikk i Klepp 2003 og 2006.
- ¹³ Nederlid 1985:7f
- ¹⁴ Nederlid 1985:8
- ¹⁵ Nederlid 1985:9
- ¹⁶ Nederlid 1985:11 siterer Sundt.
- ¹⁷ Nederlid 1985:10
- ¹⁸ Nederlid 1985:12f
- ¹⁹ Nederlid 1985:19
- ²⁰ Nederlid 1985:14f
- ²¹ Nederlid 1985:22f. Klepp 2003:107 viser til at vasketrakta er nemnd i Husmorboken frå 1932, men veit ikkje når dei kom på marknaden.
- ²² Hagemann 1997:159
- ²³ Jøssang 2004:98
- ²⁴ Furre 1993:280ff
- ²⁵ Nederlid 1985:20
- ²⁶ Jordbruksteljinga 1939
- ²⁷ Kjelde til industriarbeidarlønene: <http://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/10-10-3t.txt>. Prisane på vaskemaskinene er henta frå reklamar i vekebladet Allers i 1957, nr. 35 og 36.
- ²⁸ Thu 1996
- ²⁹ Intervju av bondekvinne som var småbarnsmødrer på slutten av 1950-talet, byrjinga av 1960-talet stadfestar dette. Det vart prioritert å kjøpe vaskemaskin.
- ³⁰ Thorsen 1993:101
- ³¹ Hestnes 2008:15. Jordanger 2008:17
- ³² Jordbruksteljinga 1959, tredje hefte, s. 224, 225 og 226. Undersøkte kommunane Bremanger, Vågsøy, Selje, Davik, Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn. I Sogn og Fjordane var det vaskemaskiner på berre 39 % av bruka, 53 % i landet sett under eitt.
- ³³ Basert på kva som er lagt ut på www.digitalt.museum.no

LITTERATUR

- Berge, Furre. 1993.** Norsk historie 1905-1990.
- Hageman, Gro. 1997.** Det moderne gjennombrudd 1870-1905. Bd 9 av Knut Helle red. Aschehougs Norges Historie.
- Hestenes, Gunnar. 2008.** Vaskemaskina – eit stort framsteg, i Ljøren Sogeskrikk for Gloppen s. 18-19
- Jordanger, Kari. 2008.** «Eg måtte no berge dynetrekket» Om klesvask og stell av kledda før i tida, Ljøren Sogeskrikk for Gloppen, s.15-17.
- Jøssang, Lars Gaute. 2004.** Industrieventyret på Jæren.
- Klepp, Ingun Grimstad. 2003.** Frå rent til nyvasket Skittent og rent tøy. Rapport nr. 2. SIFO
- Klepp, Ingun Grimstad. 2006.** Skittentøyets kulturhistorie – hvorfor kvinner vasker klær.
- Nederlid, Tove. 1985.** «Så gjør vi så når vi vasker vårt tøy...» i Dugnad nr 2-85. Vol 11, s. 3-24.
- Sundt, Eilert. 1975 (1867-1868).** Om husfliden i Norge. I Eilert Sundt verker i utvalg, Gyldendal norsk forlag.
- Sundt, Eilert. 1975 (1869).** Om renligheds-stellet i Norge. I Eilert Sundt verker i utvalg, Gyldendal norsk forlag
- Thorsen, Liv Emma. 1993.** Det fleksible kjønn. Mentalitetsendringer i tre generasjoner bondekvinne 1920-1985.
- Thu, Ragnhild. 1996.** Var nye bondekultur – når det moderne vert tradisjon. Ei etnologisk studie frå Jæren. Hovudoppgåve i etnologi, UIB.
- Hjemmet og vi. 1955.** A/S Norsk faglitteratur.

MUNNLEGE KJELDER

Fleire intervju om klesvask og vaskemaskiner med personar på Jæren.